

Fra: Gunnvor Sunde (gunnvor@samfunnsdemokraten.no)

Sendt: 15.12.2017 10:30:44

Til: Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde

Kopi:

Emne: Ope brev til styret i Helse Førde

Vedlegg:

Til Helse Førde sitt styremøte 15.12.17

Ope brev til styret i Helse Førde

Kvifor må kvinners helse alltid være salderingspost?

Norges Kvinne- og familieforbund, Sogn og Fjordane krins er svært kritisk til at det nok ein gong er kvinner i Sogn og Fjordane sitt helsetilbod, som bli råka av nedskjæringane i Helse Førde.

Vi krev at styret no tek omsyn til uttalane frå kommunestyra i Eid og Lærdal 14.12.17. Tilliten til helseforetaket er allereie tynnslitt. Då fødeavdelingane vart nedlagde framheva helse Førde at gynekologitilbodet i Eid og Lærdal skulle vere eit kompensierende tiltak, og no ikkje lenge etter blir desse føreslegne nedlagde.

Det må snarast lysast ut og tilsetjast i gynekolog stillinga som blir ledig til sommaren.

Vi fryktar at fleire og fleire tilbod forsvinn frå lokalsjukehusa med bakgrunn i at det er forsvarleg så lenge vi har tilbod i Førde. Dette stemmer dårleg med å ha pasienten i fokus.

Venleg helsing Aina Alfredsen Førde

Leiar Sogn og Fjordane krins

av Norges Kvinne-og familieforbund

Sendt fra min iPad